



Naturvernforbundet

Nordhordland

Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

26. oktober 2022

Alver kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Ønske om svar på spørsmål om landbruksveg på gbnr 185/1 m.fl. Istdal

I brev til Naturvernforbundet Nordhordland datert 18.10.22 svarar Alver kommune på klage og spørsmål frå Naturvernforbundet datert 11.10.22. Vi takkar for rask tilbakemelding.

I klagan vår stiller vi fleire spørsmål som vi ikkje får svar på, men som vi etter synfaring i tiltaksområdet 21.10.10 ønskjer å gjenta og utdjupa:

1. Så langt vi kan sjå, er berre ein liten del av landbruksvegen, dei første 500 m, bygd i samsvar forskrifta for landbruksvegar sitt krav om søknad og løyve. Resten, dvs. ombygginga på 600 m og mesteparten av forlenginga på 500 m ned mot Langavatnet og forlenginga 300 m aust for Istdalfjellet er bygd utan søknad og skriftleg løyve frå kommunen. Det same gjeld tre sidearmar og eit større massedeponi. Då kommunen mottok endringssøknaden 29.08.22 var store delar av endringane gjennomførte, og anleggsarbeidet fortsette med uforminska styrke fram til løyve vart gitt 06.10.22. Vi vil leggja til at då Naturvernforbundet var på første synfaring i juli, var dette arbeidet alt då kome svært langt.

Store delar av landbruksvegen er altså slik vi ser det, bygd ulovleg utan søknad og løyve. Er Alver kommune samd i denne vurderinga?

Har kommune kjent til dette arbeidet? I så fall; kvifor har ikkje kommunen gripe inn og stogga arbeidet til søknad var levert og løyve gitt?

2. Det ulovlege anleggsarbeidet, nær sluttført før løyve blei gitt, fører til at klageretten nærast er illusoriske. Arbeidet kan ha ført til skade på naturmangfold og kulturminne som er umogleg å rette opp når skaden er gjort. Vi er mellom anna gjort kjent med at ein gammal ferdsselsveg mellom Søre Åse og Gjervik kan vera direkte berørt, og tiltaket har ført og fører til avrenning av jord som forureinar Langavatnet.

Er Alver kommune samd i at klageretten er kraftig uthola slik tiltaket er gjennomført?

3. Lov om naturmangfold §§ 7-12 set strenge krav til vurderingane av konsekvensane for natur og miljø (kunnskapsgrunnlaget, føre var-prinsippet, samla belastning og miljøforsvarlege teknikkar).

I høve naturmangfold; meiner kommunen at vurderingane som er gjort i løyvet, er tilstrekkelege? Kva vurderingar er gjort?

Har kommunen vurdert den samla belastninga, t.d. for vassmiljøet nedstraums tiltaket?

Kvífor er det ikkje i løyvet sett vilkår om «miljøforsvarlege teknikkar» for å unngå avrenning av forureinande jordmassar til Langavatnet? Skal det vera opp til tiltakshavar å finna avbøtande tiltak?

4. Delar av tiltaket har preg av massedeponi. Landbruksvegane er til dels overdimensjonerte og landskapsinngrepa tilsvarende store. Det gjeld i sær forlenginga mot Langavatnet, men dels også mot Isdalfjellet. I tillegg er det oppretta eit reint massedeponi i dalsøkket opp langs Langavatnet som det ikkje er søkt om.

Vi er informert om at jord- og steinmassar i stor grad kjem frå arbeidet med rundkøyring i Knarvik, prosjektert og utført av Statens vegvesen i dialog med Alver kommune.

Har Statens vegvesen og kommunen vore under tidspress slik at tiltaket på Isdalfjellet har stått fram som ei føremålstenleg løysing for å bli kvitt massane? Kan det ha ført til overdimensjonering og at kommunen har sett gjennom fingrane med at tiltaket har vore gjennomført utan løyve?

Naturvernforbundet Nordhordland har fått utsett klagefrist til 09.11.22. Vi bed om svar på spørsmåla våre innan denne fristen.

Med helsing

Jan Nordø
leiar